

Landbruks- og matdepartementet
v/Thordis Lecomte
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006.143	Doknr.: 173
Mottatt: 18 MAI 2006 MP/SDD	
Saksbeh.: MBB	Ark.: 713
Kopi:	Avskr.:

Kinsarvik, 15. mai 2006

Melding om vedtak – høyring , lov om veterinærer og dyrehelsepersonell

Hardangerrådet handsama saka om lov om veterinærer og dyrehelsepersonell i rådsmøte 11. mai 2006 og følgjande vedtak vart gjort:

Hardangerrådet viser til Framlegg til endring av lova av 15.juni 2001 nr 75 om veterinærer og dyrehelsepersonell. Hardangerrådet er ikkje høyringspart, men gir slik uttale:

"Hardangerrådet meiner at staten framleis skal ha det overordna ansvaret for veterinærdekning og veterinærvakt. Den praktiske utøvinga av ansvaret kan leggjast til Mattilsynet sine distriktskontor, som kan føreta den same lokale tilpassinga som det kommunen har høve til.

Dette vil gje like god tilgang på veterinærtenester som om kommunane har ansvaret, til ein lågare administrativ kostnad enn om kvar kommune skal forhandla fram sin eigen veterinæravtale."

Dette til orientering.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet


Sølvi Lambrechts
Sekretær